SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Plan- og samfunn

Sakshandsamar:
Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 21.01.2015

Stad: Videomøte – Storehagen Atrium Førde, møterom Hafstad, og Fylkeshuset Leikanger – møterom Jølstra

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09.00: SVV – Reguleringsplan for Rv. 5 Kjøsnesfjorden. Handtering av masse

Til stades: Anne Grete Nøttingnes – Jølster kommune, Bente Øyre, Eli Mundhjeld, Marit Anita Skrede, Susanne Svardal, Hans Erik Buene – Statens vegvesen, Toralf Otnes – NVE, Gunn Tove Nyheim - FM miljøvernavdelinga, Oddgeir Aardal – FM landbruksavdelinga, Birgit Tansøy, Knut Åland - FK KA, Torbjørn Hasund FK PSA

Presentasjonsrunde

Bente Øyre gjennomgang av planarbeidet. Om planprogrammet, fleire innspel på deponering av masse. 2/3 av massene ut ved tverrslag i Pevika. Mange av alternativa vil føre til stor ferdsle av lastebilar gjennom Skei sentrum og forbi skuleområde. Dette aspektet må og leggast til grunn ved vurderinga av desse alternativa.

Gjennomgang alternativ 1-8

1. Bolset. Skrede – alternativet har vore diskutert med Gjerland på KA, det vil kome krav om registering dersom området går inn på dyrka mark. Nøttingnes - Jølster kommune er positive til alternativet. Nyheim - forsiktige med utfylling mot elva.

2. Bolset. Ved E39. Nøttingnes – området har vore massetak med knuseverk, og naboar har tidlegare kome med innspel på bruken av massetaktet, først og fremst støy. Naboar ønskjer å få avslutta drifta av massetak. Det vil vere positivt om ein får ei endeleg løysing for bruken gjennom plan og bruk som deponiområde og så avslutning og tillaging i tråd med plan. Nyheim - forsiktige med utfylling mot elva, jf også det som står i notatet.

3. Lunde. Bruk av eksisterande deponi på sørside av veg. Førebelse vurderingar tilseier at det kan verte ei utfordring å få tilpassa nye masser til landskap. Nyheim, det må gjennomførast ny landskapsanalyse for tilpassing, men området i seg sjølv er påverka av tiltak før. Sunnfjord

energi tiltakshavar var tiltakshavar av kraftverket, dei har sagt at 700 000 m3 ved utbygging av kraftverket vart lagra der.

4. Fossheim. Nordfjord skifer interessert i å få lagra massar der. Kommunen negativ, her er næringsarel og nær busetnad. Kommunen kan vere positive til masse som skal nyttast i sjølve næringsområdet, men ikkje store masser og lagring over tid. FM- skeptiske til bruk av området, men det vil vere skilnad på førebels og permanent bruk. Nøttingnes - 100 000 kubikk vil ta lang tid å bli kvitt, og dette er næringsareal, ikkje tenkt til massedeponi og knuseverk. Utvikling av næringsområdet går stort sett i massebalanse og treng ikkje stor tilførsel av massar.

5. Kjøsnes (ved brua). Kort transport både frå Kjøsnes og Pevika. Tanken om å bygge ei øy kom opp for ikkje å røyve strandsona. Utfylling praktisk gjennomførbart. NVE - må prøve å finne areal for massehandtering på land. Området er konfliktfylt, tek opp grunne areal, og kan, ved felt utforming, vere med på å gjere straumtilhøva inn mot Kjøsnesfjorden dårlegare. NVE – bær ikkje gå vidare med alternativet. FM - viktig å auke gjennomstrøyming. Om ein skal gå vidare må ein sjå på sumverknadane av tiltaket. Nøttingnes, fylle ut for å få nytt areal. Dette er det einaste sjøalternativet kommunen er positve til, for her får dei noko igjen. Bidne – i høve freda bygg vil nytt land her få negativ verknad ved at det vil endre landskapet. Ønskjer at alternativet skal droppast. Bergen sjøfartsmuseum vil i tilfelle krevje arkeologiske undersøkingar av sjøbotnen. Buene - ikkje henge seg opp i skissene no, poenget er eit alternativ der ein kan få ein positiv bruk av massene. Ligg greitt i høve massetransport med små miljøkostnader knytt til transport. NVE – er enig i at det må leggast til rette for positiv bruk, og ikkje dumping, men her ved Kjøsneset ser dei store problemstillingar. Svardal - anleggsteknisk er det eit gunstig massedepot, stor fleksibilitet, mange måtar å gjere det på og kan og legge seg under vassflata på ønska djup. Sjå på moglegheitene i løysinga, ikkje henge segg opp i skisse. Nøttingnes - spørsmål til Bidne, kan ei utfylling i sjø og nyskjaping av land, kan dette verte bra i høve landskap, kulturmiljø og freda bygningar? Bidne, ser at dette vert ei stor endring av kulturlandskapet her, beste løysing er å flytte det slik at det ikkje vert synleg frå freda bygg. Skrede, gardsmiljø med stor tidsdjup, heile garden, og heilskapen med landskapet.

6. Kjøsnes aust. Dumping på djupt vatn. Ikkje gjenbruk av masser, dei fleste massene kan gå her. Opparbeiding av veg og kai. Åland – sjøfartsmuseet må inn her. Tiltak lengst aust i området og vekk frå kulturlanskpaet. Nøttingnes – Jølster kommune negative til alternativ – dumping utan positive verknader. Nyheim – FM vil sannsynlegvis gå mot alternativet og er veldig skeptisk til det. Området er urørt i dag, og det kan vera gyteområde her som blir øydelagt.

   Svardal - generelt spørsmål til FM, har de registeringar på dei mest verdifulle gyteområda? Nyheim - kan ikkje svare på det no, må undersøkast, men dei forventar at dette er eit viktig gyteområde. **Oppfølging: SVV ved Mundhjeld kontakte FM ved fiskeforvaltar og få til undersøking i samarbeid med bakgrunn i det som er gjort, samle eksisterande kunnskap og evt. suplere. Behov for undersøkingar på djupnetilhøve?**

7. Pevika. Kort transport, lekter og dumping, minst krevjande med tanke på transport. NVE – prinsipielt er det ikkje ønskjeleg med dumping i vatnet, men Pevika er det minst konfliktfylte av dei tre i vatn. FM med same syn som NVE. Nøttingnes - kommunen ønskjer ikkje dumping, men litt mindre negative konekvensar her en alternativ 6. Kjøsnes. KA – sjøfartsmuseet må meldast. Mundhjeld - i tillegg til fiskeinteressane er det kulturlandskapet rundt påhogget som inneheld dei største interessene og som må undersøkast

8. Klakegg, ved kryss til fylkesveg inn i Stardalen. Masse kan brukast i krysss for å rette ut og jamne opp stigning. 100 000 m3 kan nyttast her. Nøttingnes – kommunen positive til alternativet, det er ei positiv utnytting av massane. Generelt er det negativt med plassering på denne sida av sentrum, grunna miljøproblem knytt til transport gjennom Skei. Nyheim - forurerina grunn her, det må gjemnomførast meir underskøing på det. Mundhjeld vil sjekke ut med FM miljø (forureining), om den forureina massa kan dekkast til eller om den må skiftast ut. Bidne sannsynleg at det vert behov for arkeologisk undersøkingar her.

Aardal – ingen av desse 8 alternativa er i direkte konflikt med landbruk.

Øyre opna opp for forslag til andre alternative plassar for masse. Nyheim - Andre alternativ FM frå beredskap, forbikøyringsfil oppover Lunde mot tunellinslaget i Fjærlandstunellen, rassikringsprosjekt i andre kommunar. SVV forbikøyringsfil kan vere aktuelt men til dette trengs 20 000 kubikk. Elles også bruke fleire alternativ, med mindre massar.

Svardal – Vi treng mellombels lagringsplass 200 000 m3 som er tenkt nytta på e39 Bjørset – Skei. Ikkje sikkert prosjekta vert køyrt samtidig, vi må difor vurdere depo i vatnet. Vi bør ikkje seie nei til deponering i vatn, men setje krav til vidare undersøkingar om kva premissar som evt. må ligge føre.